

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saksnr. i utval
Utval for samfunn, plan og næring	22.06.2022	062/22

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	21/1006 – 93
John Ove Rørnes	Journalpostnr.	22/11424

Høyring – Utkast til ny Trafikktryggleiksplan 2022 – 2033

Saka blir avgjort av:

Utval for samfunn, plan og næring.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Veglova, vegtrafikklova

Tilråding frå rådmann:

Rådmannen rår til at Trafikktryggleiksplan 2022 –2033 vert lagt ut til offentleg høyring.

22.06.2022 Utval for samfunn, plan og næring

Behandling

Framlegg , foreslått av Jørund Kvestad, Senterpartiet

Høyringsfrist vert 15. sept. 2022

Framlegg, foreslått av Eivind Tokheim, Venstre

Tilleggspunkt punkt 9.5.1., strakstiltak kommunale vegar

a. Redusere fartsgrensa på Løyningsvegen til 30/40 km

b. Redusere fartsgrensa på Reinsnosvegen frå Tveit til Reinsnos til 50 km

Bussskur, foreslått av Geir Midtun, Høgre

Side 46, ID 96. Endre til Rv13 Ullensvangvegen OG Kinsarvikvegen.

Røysting:

Framlegget frå Jørund Kvestad vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Eivind Tokheim vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Geir Midtun vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå rådmannen med endringane i framlegga frå Jørund Kvestad, Eivind Tokheim og Geir Midtun vart samrøystes vedteke.

USPN – 062/22 Vedtak

Trafikktryggleiksplan 2022 –2033 med følgjande endringar:

- Høyringsfrist vert 15. sept. 2022
- Tilleggspunkt punkt 9.5.1., strakstiltak kommunale vegar
 - a. Redusere fartsgrensa på Løyningsvegen til 30/40 km
 - b. Redusere fartsgrensa på Reinsnosvegen frå Tveit til Reinsnos til 50 km
- Side 46, ID 96. Endre til Rv13 Ullensvangvegen og Kinsarvikvegen.

vert lagt ut til offentleg høyring.

Saksopplysningar:

Planprosess/forankring

Oppstart med ny trafikktryggleiksplan for Ullensvang kommune er forankra i vedtak i kommunestyret 09.12.2021 sak 202/20

Vurdering:

Trafikktryggleiksplanen er for alle. Det vil sei både vegeigarane, brukarane, både dei køyrande og gåande. Om me skal oppnå måla – må alle bidra.

Born og unge er den viktigaste målgruppa, trygg skuleveg skal ha høg fokus.

SideskiftArbeidet med Trafikktryggleiksplanen er utarbeidd med bakgrunn i registrete tilhøve på vegane. Det har vore høve til å kome med innspel, frist for å kome med innspel var 4.juni 2021. Det har kome ein del innspel etter denne fristen og desse er teke med så langt det var råd.

Plandokumentet er del opp i fleire kapittel.

1. Forord

Ordførar sitt innspel til trafikktryggleiksarbeidet

2. Vurdering av måloppnåing

Arbeidet med å vurdere måloppnåing kjem for fullt til neste år. Måloppnåinga til dette planarbeidet var vanskeleg å fastsetja. Det skuldast at det var tre gamle planar frå Odda, Jondal og Ullensvang.

3. Planprosess

Skildrar korleis arbeidetmed å få på plass ein Trafikktryggleiksplan for Ullensvang kommune.

4. Presentasjon av kommunen med trafikkale utfordringar

Her finn det informasjon om status på vegtilhøva i dag og kva utfordringar kommunen har for å oppnå trygg ferdsel på trygge vegar.

5. Nasjonale og regionale føringar for trafikktryggleiksarbeidet

Staten og fylkeskommunen har laga til eigne planar med fokus på trafikk:

- Nasjonal transportplan 2022 –2033
- Barnas transportplan
- Regional transportplan – Vestland 2022 –2033
- Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggsikkerhet 2022 – 2025

I tillegg kjem dei kommunale planane

Kommuneplan samfunnsdel 2020 –2032

Kommunal trafikktryggleiksplan 2022 –2033

6. Organisering av trafikktryggleiksarbeidet

Oversikt partane som har vore med/skal vera med i arbeidet

7. Ulykkesanalyse

Her er det oversikt på ulykker og kvar dei har skjedd frå 2011 til 2020. Som det går fram av kart, er det skjedd ulykker i heile kommune.

8. Visjon og målsetjing

8.2 Satsingsområde

Hovudsatsingsområde for Ullensvang kommune i det vidare trafikksikringsarbeidet for perioden 2022–2033 er følgjande:

Satsingsområde
Redusere talet på drepne og alvorleg skadde i trafikken
Redusere talet på utforkøyringsulukker.
Trygge skulevegar og utbetring av skulevegar som er definert som farleg og krevjar skuleskyss.
Styrke berekraftige reisemåtar til fots, sykkel, kollektiv eller elbil.
Fokus på åtfærd og haldningstiltak
Arbeide for Ullensvang-pakke for samferdsle.
Etablere Hjartesone ved alle barnskuler i Ullensvang kommune

8.3 Mål og strategiar

Kommune har følgjande mål og strategiar for å kunne oppnå visjon om *ingen drepne og ingen alvorleg skadde trafikantar i Ullensvang kommune*. Det er fokus på å følgje opp og gjennomføre spesifikke tiltak innan områda; åtfærd- og haldningstiltak, organisatoriske tiltak og fysiske tiltak innan planperioden 2022 – 2033.

Åtfærd og haldningstiltak
Leggje til rette for at flest mogleg kan gjennomføre trafikalt grunnkurs i 10. klasse på ungdomsskular.
Barnehagane i Ullensvang skal syte for opplæring ift. trafikktryggleik før dei startar på skulen.
Kommunen skal vere pådrivar for at det gjennomførast reflekskampanjar eller liknande i samarbeid med relevante aktørar på barneskulane.

Kommunen skal vere pådrivar for at det gjennomførast trafikktryggleiksdagar og kampanjar saman med relevante aktørar på ungdoms og vidaregåande skuler.

Utarbeide interne retningsliner for trafikksikker åtferd- og haldningar blant kommunalt tilsette og bruk av tenestebil.

Her er det oversikt på utfordringane kommunen har på vegnettet, både med naturfare

9.Trafikksikringstiltak

1.1 *Åtferd og haldningstiltak*

Under er ein oversikt over åtferd og haldningstiltak Ullensvang kommune skal arbeide aktivt med i komande periode.

Åtferd og haldningstiltak	Beskriving
Trafikksikker kommune	Trafikksikker kommune byggjer på ei godkjenningssordning frå Trygg Trafikk. At ein vert godkjend, betyr ikkje at det ikkje lenger vil skje trafikkulukker, men godkjenninga er eit kvalitetsstempel for godt, målbevisst og samordna arbeid med trafikktryggleik.
Hjartesone ved alle barneskuler	Etablere Hjartesone ved alle barneskuler i Ullensvang. Hjartesone har til hensikt å redusere foreldre køyring og få fleire barn til å gå og sykle til skulen.
Opplæring i skule og barnehage	Ullensvang kommune skal leggje til rette for at skuler og barnehagar leggje til rette for trafikkopplæring kunnskap om trafikkreglar og praktisk kompetanse til å ferdast trygt som fotgjengarar og syklistar i sine nærmiljø i tråd med læreplanverket.
Trafikalt grunnkurs i 10. klasse	Leggje til rette for at flest mogleg kan gjennomføre trafikalt grunnkurs i 10. klasse på ungdomsskular.
Oppfriskingskurs for bilførarar over 65 år	Kommunen skal informere om Statens vegvesen sitt tilbod om oppfriskingskurs for bilførarar over 65 år .
Retningsliner for kommunalt tilsette	Utarbeide interne retningsliner for trafikksikker åtferd- og haldningar blant kommunalt tilsette og bruk av tenestebil.

Som det går fram av lista på satsingsområde, er det mykje arbeid for å koma i mål. Oppvekts born og unge har tre viktige områder som det skal satsast på. Etablering av hjartesone ved alle barneskulane, felles trafikkopplæring. I dette arbeidet er samarbeid med politiet viktig. Så er det innspel frå ungdomen, trafikalt grunnkurs i 10.klasse, som dei

meinar er eit viktig bidrag til at alle får ein god forankring før dei for alvor skal ta del i trafikkbiletet som køyrande.

Kommunen har eit arbeid for å få på plass ein trafikksikker kommune. Dette arbeidet må skje i lag med dei andre vegeigarane og alle innbyggjarne i kommunen. Å få på plass retningslinjer for trafikksikker åtfer- og haldningar for kommunalt tilsett og bruk av tenestebil.

For aldersgruppa 65+, er det viktig å få tilbod om trafikkalt oppfriskingskurs. Trafikkbilete har endra seg mykje sidan førararkort vart teke fyrste gong. For at denne gruppa skal føle seg trygg i trafikken, er det viktig at dei vert gjort kjend med at der er tilbod hjå Statens vegvesen. Arbeidet kan også forankrast i lag med Trygg Trafikk, lokale køyreskular. Me må også ha fokus på brukargruppa personar med nedsett funksjonevne. Her vil verksemd for veg og park ha spesiell merksemd på tiltak som gjev farleg trafikktilhøve og håper etablert ordning med meld ein feil, kan nyttast til dette føremålet.

9.5 Fysiske tiltak

Her er det laga til lister med forslag til fysiske tiltak og ei prioritering av tiltaka. Det er laga liste for kva vegtype/vegeigar som syner kven som har ansvar for å få gjennomført tiltaka.

Europa- og Riksveg: Statens vegvesen (Nye Veier)

Fylkesveg: Vestland fylkeskommune

Kommuneveg: Ullensvang kommune

Det er laga til liste på strakstiltak og større tiltak. Til alle tiltaka er det laga til kartustnitt, der einn finn att tiltakspunktet mednummeret som er nytta.

Lista er lang, dette er noko som er heilt vanleg i alle kommunane. Det er derfor viktig å få utført dei tiltaka som gjev best resultat for å hindra uønska hendingar.

I Odda sentrum er det store utfordringar, me trafikktalet på +/- 10000 køyrty på det mest trafikkerte timane, er det berre ei løysing som på sikt kan gjera tilhøva betre, det er å få lagt gjennomgangstrafikken utanfor sentrum.(slik dei td. har gjort på Voss) Det vil sei at Rv 13 og Fv 49 må løfast opp å prioriterast for å få eit trafikk tryggt sentrum.

For Rv 13 er tilhøva dårleg, det gjeld både framkome, naturfare, tilbod om skyss. Fv 49 har endra frå å ver ein tilføreselsveg til å verta ein gjennomfartsveg. Det har gjeve store utfordringar i forhold til auka trafikk, høg fart gjerne kombinert med ferjetrafikken. Det gjev også store utfordringar i forhold til trygg skuleveg.

På dei kommunale vegane er det ei veg som har fått vesentleg auka trafikk, og det er Skjeggedalsvegen. Denne vegen, med skule og bustadområde bør prioriterast for å oppnå den tryggleiken me bør ha.

Trafikktryggleiksplanen har fått løyve til å nytta bilete/tekst i frå Hardanger Folkeblad. Lokalavisa er ein viktig part i trafikktryggleiksarbeidet, ved at dei jamleg har reportasjer om dette temaet. Dette gjeld både når det har skjedd ulykker. Eller reportasjer på farleg tilhøve, ras eller flaumtilhøve. Og til sist ved gladsaker når tiltak er vorte utbetra.

10. Evalueringsskjema

For å halda oppe fokus på trafikktryggleiksarbeidet, er det ein føresetnad at det vert gjort årlege evalueringar. Ved desse evalueringane skal det vera fokus på:

- kva tiltak som er utført
- korleis er resultatet av sikringstiltaka
- økonomi, korleis er budsjett/personalressursar for å få gjennomført tiltak
- Har kommunestyret løyvd nok midlar til dette arbeidet

Økonomiske konsekvensar:

- a. Driftskonsekvensar – Budsjett for Verkesemd Veg og park, Opplæring skule/barnehage
- b. Investeringskostnader – Budsjett for Verkesemd Veg og park
- c. Finansiering – fastsetjast i årsbudsjett

Samandrag konklusjon:

For å lukkast med trafikktryggleiksarbeidet, må det løyvast midlar til tiltak på kommunale vegar. Kommunen må samarbeida godt med dei andre vegeigarane og halde stort press på å få i gang utbetningsarbeid på vegane i kommunen. Dette gjeld både politisk og administrativt nivå. Det må leggjast til rette for å få etablert hjartesone ved alle barneskulane og gjera det som kan for å få trygge skulevegar.

Rådmannen rår til at framlegg til trafikktryggleiksplan vert lagt ut til offentleg høyring.

Særutskrift sendast til: